

Kvar fjerde meter jernbane er for dårleg

(NPK-NTB): 27 av 100 meter jernbane i Noreg fyller ikkje krava Jernbaneverket har til kvalitet. Trass rekordstore summer til vedlikehald går delen oppover.

Tal Jernbaneverket har sett i saman for Bergens Tidende, viser at stadig fleire meter av jernbaneskinnene i landet ikkje tilfredsstillar krava. Tidlegare har den største delen vore 23 prosent, men med målingane for våren 2010 er den oppe i 27 prosent.

Tala er for toglinjene som blir rekna som i normal bruk. Heile jernbanenettet har kvar vår og haust sidan 2003 vorte målt for feil på sidelengder og høgdeforskjellar. For dårlege linjer kan føre til fleire tryggleikskritiske feil og avsporingar.

Kuldebrøbbel

Nedgangen i år kjem trass i store ekstraløyvingar for 2009. Vedlikehaldsdirektør Odd Erik Berg i Jernbaneverket meiner den dårlege målinga denne våren skuldast kulda i vinter.

- Etter ein slik vinter, blir det urolege spor. Frost gir tele, og den skapar rørsle, seier Berg.

Austlandet kjem dårlegast ut, med 32 prosent av jernbanenettet under kvalitetskrava. Bane nord ligg på 30 prosent. Men tiltakspakka til regjeringa på 750 millionar kroner i fjor har hjulpet linjene i Sør-og Vestlandet. Her er det no berre 15 av 100 meter som er underkjent.

- Tiltakspakka gav oss moglegheit til å gjere andre ting enn berre brannsløkking. Dei prioriterte strekningane har vore særleg Bergensbanen og Dovrebanen, seier Berg til Bergens Tidende.

Regjeringa har auka vedlikehaldsmidlane med 700 millionar kroner til 1,9 milliardar kroner i revidert Nasjonal Transportplan. Dei langsiktige måla til Jernbaneverket er at berre 5 prosent av jernbanen i Noreg til kvar tid skal trenge vedlikehald.

Lysare framtid

Etterslepet på den norske jernbana vart eit omdiskutert tema då kulda førte til store forseinkingar i vinter, og Noreg ligg i internasjonal samanheng etter på vedlikehald og investering.

Samferdsledepartementet peikar på at Noreg har ein utfordrande topografi å byggje i, men innrømmer at også satsinga har vore for dårleg.

- Det har vore for få løyvingar over mange ulike regjeringar. Men framtida er lysare. Me er sju månader inne i den nasjonale transportplanen. I den ligg det eit klart løft på infrastruktur, seier politisk rådgivar Sigrid Brattabø Handegaard på vegner av ein ferierende samferdsleminister Magnhild Meltveit Kleppa.



* Målet med opphaldet var å fotografere menneska og landet til fotoprojektet "100 ansikt".



* Espen Faugstad på veg ned i dei underjordiske gangane som vietnamesarane tidlegare nytta seg av i samband med krig. Gangane er utvida med tanke på turisme, men det var framleis svært trøgt å ta seg fram under bakken på alle fire. Ikkje noko for sarte sjeler.



* Voldastudentane Espen Faugstad og Juliane Kravik har nyleg vore tre veker i Vietnam. Her hoppar dei frå rota av det dei har blitt fortalt er eit av dei største trea i landet.

Dokumente

I tre veker i sommar har studentane Juliane Kravik og Espen Faugstad vore på reise i Vietnam. Dei har prøvd å leve på lokalbefolkninga sine premisser, og har unngått dei mest turist-infiserte stadane. No sit dei att med fleire tusen bilde som dei skal bruke til ei utstilling.

- Reisa var litt meir slitsam enn vi venta, men veldig gøy, fortel Juliane Kravik, som er vel tilbake i Volda der ho og reisemakker Espen Faugstad er studentar ved høgskulen.

Dei to hadde ikkje lagt nokon planar for overnatting eller reiserute då dei landa i Hanoi første dagen.

- Det blir meir spennande på den måten. Vi ville ikkje oppleve turistversjonen av Vietnam, men kvardagen til dei som bur der, fortel Kravik, som fortel at dei ordna seg overnatting frå dag til dag fordi dei helst ville bu med lokale familiar.

Fotoprojekt

Den tre veker lange turen gjekk med til å fotografere og filme menneska og landet. Prosjektet deira heiter "100 ansikt", og no jobbar dei med å velje ut bilda dei vil bruke på utstillinga si.

- I første omgang vil det bli utstilling i Bergen. Vi er sponsa av heimkommunane våre for å få det til, men sjølve turen betalte vi sjølve. Men vi håper sjølvsgagt også at vi skal kunne få vist dette fram i Volda, seier Kravik.

Opplevingane og bilda frå turen er mange.

Mange netter gjekk med til å reise, nokre netter sov dei på rimelege hotell, og andre netter var dei heldige



* I Vietnam et dei hundar, men dei prøvesmake. Under opphaldet liv